

## Møteprotokoll

<b>Utval:</b>	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
<b>Møtestad:</b>	Fjernmøte/digitalt
<b>Dato:</b>	01.09.2021
<b>Tid:</b>	09:00-12:00

### Følgjande faste medlemer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Gunnar Moland	Medlem	H
Kjell Gitton Håland	Medlem	A
Trude Brosvik	Leiar	KRF
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SP
Bente Borghild Underthun	Medlem	SAFO
Sigrid Rønneberg	Medlem	SAFO
Kjell Søvik	Nestleiar	FFO
Egil Bru Overaa	Medlem	FFO

### Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Anita Helen Hammerseth	Medlem	FFO
Æsøy		

### Merknader

### Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Kenth Rune Teigen Måren	Seksjonsleiar, seksjon for kvalitet i opplæringa
Sigrid Næsheim Bjercke	Seniørrådgjevar, seksjon for, plan, klima og folkehelse
Merete Hauge	Overarkitekt, seksjon for utbygging
Arild Knapskog	Rådgjevar / møtesekretær, politisk sekretariat

<b>Saksliste</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv-saksnr</b>	<b>U.Off saksnr</b>
<b>Utvals-saksnr</b>			
GK 9/21	<b>Godkjenningssaker</b> Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 10/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i rådet for menneske med nedsatt funksjonsevne 09.06.21	2020/77152	
RS 25/21	<b>Referatsaker</b> Årsmelding for elev- og lærlingombodet 2020/21	2020/77152	
RS 26/21	Årsmelding frå mobbeombodet 2020/21	2020/77152	
RS 27/21	Oppfølging av spørsmål frå Egil Bru Overaa	2021/40549	
RS 28/21	Ekstraordinært møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2020/77152	
PS 26/21	<b>Politiske saker</b> Høyring av Regional transportplan for Vestland	2021/21417	
PS 27/21	Høyring - gjennomføring av tilgjengelighetsdirektivet	2020/77152	
PS 28/21	Møteplan for 2022 - rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2020/77152	

## **Godkjenningssaker**

### **GK 9/21 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.09.2021**

Innkallinga og sakslista vart godkjent utan merknader.

### **GK 10/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i rådet for menneske med nedsatt funksjonsevne 09.06.21**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.09.2021**

Møteprotokoll frå førre møte vart godkjent utan merknader.

## **Referatsaker**

### **RS 25/21 Årsmelding for elev- og lærlingombodet 2020/21**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.09.2021**

Saka vart referert.

### **RS 26/21 Årsmelding frå mobbeombodet 2020/21**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.09.2021**

Saka vart referert.

### **RS 27/21 Oppfølging av spørsmål frå Egil Bru Overaa**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.09.2021**

Saka vart referert.

### **RS 28/21 Ekstraordinært møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.09.2021**

Saka vart referert.

## **Politiske saker**

### **PS 26/21 Høyring av Regional transportplan for Vestland**

Forslag til vedtak

1. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kjem med følgjande uttale til Regional transportplan:

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.09.2021**

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av rådet fram slikt forslag :

«Alternativ:

Innspel frå RMNF til RTP, 01.09.21

**Fylkesvegnettet:**

Universell utforming bør inn som eigen strategi for fylkesvegnettet

-Rastepllassar og toalettfasilitetar må vere universelt utforma og godt tilgjengelege for alle

-Det er viktig å legge til rette for gode gang- og sykkelvegar. Langs fylkesvegar der ein ikkje har 7 ikkje klarer å prioritere bygging av gangveg, bør ein legge til rette for breidare vegskuldre slik at personar td i rullestol eller sykkel med støttehjul kan køyre langs kanten av vegen. Særleg viktig er dette der det er av/på-stiging for buss, for skuleborn og andre.

-På fleire, og mykje brukte fotgjengarfelt, bør ein auke bruken av trafikklys.

-Ved kriterie for rassikring må den nasjonale standarden brukast. ÅDT er teken omsyn til i denne. Om noko bør endrast/vektast opp, så er det omsynet til beredskap ved stengt veg. Nye HMS-kraav til entrepenørane gjer at stengingar pga ras vert lengre enn før. RMNF meiner i så fall det bør spelast inn til Nasjonal rassikringsgruppe for å sikre at det vert tatt inn i nasjonale og felles føringar. At vegen også er einaste skulevegen, utan omkjøring eller med svært lang omkjøring, må også leggast vekt på frå fylkeskommunen.

- Mjuke trafikanter som har lov til å bruke tunnelar under 500 meter, blir ikkje vurdert i det heile. RMNF etterspør ein analyse av tryggleiken til mjuke trafikanter i tunnelar opp til 500 meter.

#### **Mobilitet og kollektivtransport**

-Fylkeskommunen / Skyss må sikre god kunnskap i organisasjonen, og i gjennomføringa, for universell utforming, og ha betre brukarkontakt på nye anlegg / utbetringar.

-TT-ordning og Sørvissskyss er svært viktig for mange menneske med nedsett funksjonsevne. Desse tilboda - og andre fleksible og tilrettelagde ordningar- må styrkast, slik at alle innbyggjarar får nødvendig kollektivtilbod.

-I denne perioden med Covid-19 pandemi er det blitt tydeleg at samspelet med private for å sikre gjennomgåande kollektivtilbod, må endrast og styrkast. Særleg ser ein det i distrikta der ekspressbussar er ein del av korrespondansane som sikrar gjennomgåande ruter. Fylkeskommunen må finne ei løysing for korleis ein kan halde oppe rutene når private legg ned. Enten det er med rutekjøp, eller ved å ha eigne bussar/ruter.

-Betalingsløysingar må vere enkle og ikkje utelate, eller «straffe», menneske som ikkje handterer dei digitale flatene ma med å ikkje opne for plassbestilling/plassgaranti eller med auka prisar. Det må leggast til rette for gjennomgåande biletta der det er ulike selskap.

#### **Miljøloftet**

-For persontrafikken, miljøet og den gruppa RMNF representerer, er Bybanen i Bergen GULL, og må byggast vidare ut.

-Å få ned lokal forureining er svært viktig for den aukande gruppa som har luftvegssjukdomar og problem.  
Stadig fleire blir allergiske. Det må det takast omsyn til td ved tilplanting ved haldeplassar, rastepllassar mm.

#### **Handlingsprogrammet**

Fylkeskommunen må vakte seg for at prioriteringane ikkje medfører sterkt sentralisering av tiltak. Det er naturleg at ein særleg for kollektivtransport prioriterer Bergensområdet, der det er flest brukarar og størst klimagevist. Men dersom «samfunnsnytte» alltid skal rekna etter ÅDT og vere avgjeraande for investeringar i vegnettet (jfr. Diskusjon om rasfaktor) vil handlingsprogrammet føre til sterkt sentralisering og tilsvarande nedprioritering av folk og næringsliv i utkantane.

#### **Avrøysting**

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Innspel frå RMNF til RTP, 01.09.21

#### **Fylkesvegnettet:**

Universell utforming bør inn som eigen strategi for fylkesvegnettet

-Rastepllassar og toalettfasilitetar må vere universelt utforma og godt tilgjengelege for alle.

-Det er viktig å legge til rette for gode gang- og sykkelvegar. Langs fylkesvegar der ein ikkje har/ikkje klarer å prioritere bygging av gangveg, bør ein legge til rette for breiare vegskuldrer slik at personar i t.d. rullestol eller sykkel med støttehjul kan køyre langs kanten av vegen. Særleg viktig er dette der det er av/på-stiging for buss, for skuleborn og andre.

-På fleire, og mykje brukte fotgjengarfelt, bør ein auke bruken av trafikklys.

-Ved kriterium for rassikring må den nasjonale standarden brukast. ÅDT er teken omsyn til i denne. Om noko bør endrast/vektast opp, så er det omsynet til beredskap ved stengt veg. Nye HMS-krev til entreprenørane gjer at stengingar pga. ras vert lengre enn før. RMNF meiner i så fall det bør spelast inn til Nasjonal rassikringsgruppe for å sikre at det vert tatt inn i nasjonale og felles føringar. At vegan også er einaste skulevegen, utan omkjøring eller med svært lang omkjøring, må også leggast vekt på frå fylkeskommunen.

- Mjuke trafikantar som har lov til å bruke tunnelar under 500 meter, blir ikkje vurdert i det heile. RMNF etterspør ein analyse av tryggleiken til mjuke trafikantar i tunnelar opp til 500 meter.

### **Mobilitet og kollektivtransport**

-Fylkeskommunen / Skyss må sikre god kunnskap i organisasjonen, og i gjennomføringa, for universell utforming, og ha betre brukarkontakt på nye anlegg / utbetringar.

-TT-ordning og Sørvisskyss er svært viktig for mange menneske med nedsett funksjonsevne. Desse tilboda - og andre fleksible og tilrettelagde ordningar- må styrkast, slik at alle innbyggjarar får nødvendig kollektivtilbod.

-I denne perioden med Covid-19 pandemi er det blitt tydeleg at samspelet med private for å sikre gjennomgåande kollektivtilbod, må endrast og styrkast. Særleg ser ein det i distrikta der ekspressbussar er ein del av korrespondansane som sikrar gjennomgåande ruter. Fylkeskommunen må finne ei løysing for korleis ein kan halde oppe rutene når private legg ned. Enten det er med rutekjøp, eller ved å ha eigne bussar/ruter.

-Betalingsløysingar må vere enkle og ikkje utelate, eller «straffe», menneske som ikkje handterer dei digitale flatene m.a. med å ikkje opne for plassbestilling/plassgaranti eller med auka prisar. Det må leggast til rette for gjennomgåande billettar der det er ulike selskap.

### **Miljøloftet**

-For persontrafikken, miljøet og den gruppa RMNF representerer, er Bybanen i Bergen GULL, og må byggast vidare ut.

-Å få ned lokal forureining er svært viktig for den aukande gruppa som har luftvegssjukdomar og problem.

Stadig fleire blir allergiske. Det må det takast omsyn til t.d. ved tilplanting ved haldeplassar, rasteplassar mm.

### **Handlingsprogrammet**

Fylkeskommunen må vakte seg for at prioriteringane ikkje medfører sterkt sentralisering av tiltak. Det er naturleg at ein særleg for kollektivtransport prioriterer Bergensområdet, der det er flest brukarar og størst klimagevinst. Men dersom «samfunnsnytte» alltid skal rekna etter ÅDT og vere avgjerande for investeringar i vegnettet (jf. diskusjon om rasfaktor) vil handlingsprogrammet føre til sterkt sentralisering og tilsvarande nedprioritering av folk og næringsliv i utkantane.

## **PS 27/21 Høyring - gjennomføring av tilgjengelighetsdirektivet**

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kjem med følgande uttale:..

## **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.09.2021**

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av rådet fram slikt forslag:

«Alternativ:

Når ei sak som dette ikkje er utgreidd for rådet, så er det krevjande å gje noko meir enn generelle innspel i vidare arbeid med høyringa. RMNF vil gje desse innspela:

- Det er ønskjeleg at krava til universell utforming vert samla i ei sektorovergripande forskrift, og ikkje to som foreslått, forutsett at det ikkje svekker allereie vedtekne krav til tiltak utanfor IKT-løysingar.

- Det er positivt med klarare mynde, gjennom eit handhevings-organ, for å ta tak i brot på forskrifter.
- Å slutte seg til tilgjengelighetsdirektivet må ikkje medføre svekking av rettar som allereie er innført i Norge for universell utforming.
- RMNF understrekar at det er viktig at bruksanvisningar kjem på norsk.

#### **Avrøysting**

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Når ei sak som dette ikkje er utgreidd for rådet, så er det krevjande å gje noko meir enn generelle innspel i vidare arbeid med høyringa. RMNF vil gje desse innspela:

- Det er ønskjeleg at krava til universell utforming vert samla i ei sektorovergripande forskrift, og ikkje to som foreslått, forutsett at det ikkje svekker allereie vedtekne krav til tiltak utanfor IKT-løysingar.
- Det er positivt med klarare mynde, gjennom eit handhevings-organ, for å ta tak i brot på forskrifter.
- Å slutte seg til tilgjengelighetsdirektivet må ikkje medføre svekking av rettar som allereie er innført i Norge for universell utforming.
- RMNF understrekar at det er viktig at bruksrettleiingar kjem på norsk.

#### **PS 28/21 Møteplan for 2022 - rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek det framlagde forslag til møteplan for året 2022 slik det ligg føre.

#### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.09.2021**

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av rådet fram slikt forslag:

«Alternativ:  
RMNF gjev leiar og nestleiar mynde til å fastsette møteplanen for 2022»

#### **Avrøysting**

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

RMNF gjev leiar og nestleiar mynde til å fastsette møteplanen for 2022.